

# Ashampoo Rescue Disc

Programvara lar deg opprette ein rednings-CD, DVD eller USB-pinne. Dette redningssystemet er berekna på to slags situasjonar:

1. Å gjenopprette ein tryggleikskopi til hovud-harddisken din. Dette kan ikkje gjerast medan det vanlege systemet ditt køyrer, så du treng redningssystemet til det.
2. Å gjenopprette ein tryggleikskopi når systemet ditt er så skada at det ikkje startar lenger.

**Viktig:** Redningssystemet kan for tida berre brukast til å gjenopprette bilet-baserte tryggleikskopiar. Dvs. fullstendige tryggleikskopiar av ein eller fleire harddiskar eller partisjonar. Bruk det vanlege Windows-programmet til å gjenopprette berre valde filer og mapper.

## Oppretting av redningssystemet

Du vil finne instruksjonar om korleis du opprettar redningssystemet på denne nettstaden:

<https://www.ashampoo.com/en/usd/pin/0459/system-software/Backup-Rescue-Disc>

## Bruk av redningssystemet

Redningsmediet er oppstartbart. Det betyr at datamaskina di kan starte direkte frå dette mediet utan å bruke det vanlege operativsystemet.

Merk at det å ganske enkelt starte redningssystemet vil førebels ikkje gjere nokon endringar med datamaskina di. Tryggleikskopiar blir aldri gjenoppretta automatisk. Redningssystemet vil be om stadfesting før noko data blir gjenoppretta.

1. **Viss du bruker ein CD eller DVD:** Putt disken inn i diskstasjonen.

**VIKTIG:** Viss du bruker ein ekstern stasjon med ei eiga straumforsyning, så sjå til at du koplar til denne straumforsyninga, **sjølv om det vanlegvis fungerer utan!** Enkelte datamaskiner vil ikkje kunne starte frå stasjonen elles. Merk at dette berre er viktig viss den eksterne stasjonen faktisk føreset ei eiga straumforsyning – viss han ikkje har ei, så er ingen nødvendig.

**Viss du bruker ein USB-pinne:** Plugg pinnen **direkte** inn i datamaskina di. Bruk ikkje ein USB-hub då enkelte datamaskiner ikkje kan starte frå USB-pinnar som er kopla til via ein hub.

2. Start datamaskina di på nytt.

**VIKTIG:** Viss du bruker Windows 8 eller seinare, så sjå til at du bruker «Start på nytt»-funksjonen til å starte datamaskina på nytt. Bruk **IKKJE** «Avslutt»-funksjonen med Windows 8. Det hindrar datamaskina i å starte andre oppstart-medium.

3. Redningssystemet skal no starte. Etter nokre sekund vil du sjå ein enkel oppstart-meny med merkelappen «Redningssystem». Viss du ser denne menyen, kan du gå vidare til neste steg.

Viss ditt vanlege Windows-system prøver å starte, eller viss du får ei melding om eit manglande operativsystem. så må datamaskina di først bli fortalt at ho skal prøve å starte frå CD/DVD eller USB (avhengig av kva slags redningsmedium du bruker). Dette er spesifisert i datamaskina sine BIOS / UEFI innstillingar. Diverre er tilgangen til desse innstillingane litt ulik for kvar datamaskin. Men på dei fleste datamaskiner må du utføre følgjande steg:

- a. Merk at du **BERRE** treng å utføre desse tilleggsstega viss redningssystemet ikkje startar! Viss det faktisk startar, så hopp over desse feilsøkjande stega og hald fram med prosessen under.
- b. **VIKTIG:** Å endre BIOS / UEFI innstillingane er ein ganske teknisk og risikabel prosess. Viss du gjer ein feil, så kan resultatet vere at datamaskina di ikkje vil starte meir! Viss du er i tvil om du er i stand til å gjere dei rette endringane, så rår vi deg til at du spør ein ekspert om hjelp!
- c. Først må du opne BIOS / UEFI innstillingane. Vanlegvis blir dette gjort ved å trykke ein viss tast raskt fleire gonger når datamaskina begynner å starte. For dei fleste datamaskiner vil det vere ein av følgjande tastar: F2, F1, DEL, ESC, F10. Du kan prøve å trykke ein av desse

raskt og fleire gonger rett etter at du startar datamaskina di på nytt. Viss det ikkje fører til at innstillingane kjem opp, så start datamaskina på nytt og prøv den neste tasten.

- d. Når du er i innstillingane, må du navigere til skjermen som inneheld oppstart-innstillingane. Der skal det vere instruksjonar om viser korleis du navigerer til dei ulike skjermene (til dømes med markørtastane, TAB, F-tastar eller liknande).
  - e. Deretter må du sjå etter ei innstilling som indikerer «Boot order» eller «Startup order» eller liknande. Dette vil vere ei liste som definerer i kva rekkefølge datamaskina prøver å starte opp frå dei tilkopla lagringseiningane. Du må endre denne rekkefølga slik at stasjonen med redningssystemet (anten CD/DVD eller USB, avhengig av kva for medium du bruker) blir prøvd først. USB-pinnar blir stundom kalla «USB HDD», CD-stasjonar har stundom ordet «Optisk» i namna sine.

**VIKTIG:** Ver varsam når du endrar dette. Ikkje fjern oppføringar frå denne lista. Berre endre rekkefølga.
  - f. Når du har gjort desse endringane, må du lagre innstillingane og starte datamaskina på nytt. Sjå etter instruksjonar på skjermen om korleis dette blir gjort. Det er vanlegvis ei meny-oppføring kalla «Avslutt» eller «Slutt» som vil vise alternativ for korleis du lagrar og går ut av innstillingane.
  - g. Viss innstillingane er korrekte, så vil redningssystemet starte og startmenyen vil bli vist (som skildra over).
4. Startmenyen til redningssystemet blir berre vist i nokre sekund. Han lar deg velje korleis redningssystemet skal startast: i vanleg modus eller i «Sikker modus». Når du startar redningssystemet for første gong og ikkje møter på problem (sjå nedanfor), så bør du velje vanleg modus. Viss du ikkje gjer eit val innan nokre sekund, så vil redningssystemet automatisk starte i vanleg modus.
  5. Redningssystemet vil no laste inn. **Merk at dette kan ta opp til 15 minutt – ver tålmodig!** Viss redningssystemet ikkje lastar riktig, eller du ser lang grafisk forvrenging, så bør du starte datamaskina på nytt og velje eit av «Sikker modus»-alternativa frå redningssystemet sin startmeny. I sikker modus kan redningssystemet vere litt saktare fordi det bruker færre maskinvaredrivarar, men elles fungerer det på same måte.
  6. Når redningssystemet er lasta inn vil det vise ein skjerm med språkval. Vel det språket som du føretrekkjer der.
  7. Viss datamaskina di har ein trådlus nettverksadapter, så vil redningssystemet spørje etter innstillingane som gjev tilgang til det lokale nettverket. Du kan vanlegvis hoppe over dette steget med mindre du treng internett- eller nettverkstilgang for å gjenopprette tryggleikskopien din. Til dømes treng du dette når tryggleikskopien din er lagra i skya.
  8. Deretter spør det etter den generelle plasseringa di i verda. Dette er nødvendig slik at tidsinformasjonen kan bli vist i riktig tidssone.
  9. På den neste skjermen blir du beden om å velje kva type tastatur du bruker. På venstre side kan du velje tastaturspråket (vanlegvis det same som ditt eige språk), og på høgre side kan du velje typen av tastatur. Viss du ikkje veit kva du skal velje på høgresida, så kan du vanlegvis ganske enkelt la standardvalet stå.
  10. Den generelle konfigureringsprosessen er no gjort, og redningssystemet vil fullføre oppstartsprosessen. Dette kan igjen ta fleire minutt å fullføre.
  11. Redningssystemet vil automatisk starte gjenoppretingsprogrammet. Dette er nesten identisk med gjenoppretingsfunksjonaliteten i den vanlege tryggleikskopi-programvara på Windows.

Dei neste stega skildrar korleis gjenopprette tryggleikskopien innanfor gjenoppretingsprogrammet.

- Vel lagringstypen

Her vel du typen på datalagringsplassen der tryggleikskopien din blir lagra.

- Vel tryggleikskopistasjon

Viss du valde alternativet å gjenopprette ein tryggleikskopi frå ein lokal stasjon eller nettverksstasjon, så er neste steg å velje kva stasjon tryggleikskopidataa dine er lagra på.

**VIKTIG:** Nedst på sida kan du òg velje namnet på innhaldsmappa på den valde stasjonen som inneheld tryggleikskopiane dine. Viss tryggleikskopidataa er lagra i ei anna mappe enn den som er vist her, så må du gje opp den riktige mappa. Elles vil ikkje tryggleikskopien din bli funnen.

- Godkjenn tilgang

Viss du valde ein sky-lagerleverandør eller ein nettverksstasjon, så må du godkjenne at programvara til tryggleikskopien får tilgang til lagringsplassen. I mange tilfelle vil du ganske enkelt bli bedt om å gje opp innloggingsnamnet og -passordet til lagringsleverandøren. Men i nokre tilfelle blir ein 'Authorize'-knapp vist i staden. 'Authorize'-knappen sender deg til nettsida til lagringsleverandøren din der du vil bli bedt om å stadfeste at programvara til tryggleikskopien får tilgang.

- Vel tryggleikskopi

På denne skjermen viser programvara deg ei liste med alle tryggleikskopiane som vart funnen på den valde datalagringsplassen (i den valde lagringsmappa). Her må du ganske enkelt velje kva for ein du vil gjenopprette.

Viss tryggleikskopien som du ser etter, ikkje er vist her, så ser programvara mest truleg i feil mappe på den valde tryggleikskopi-stasjonen. I så fall bør du klikke «Tilbake» til du kjem tilbake til skjermen med stasjonsval. Her kan du òg velje lagringsmappa der programvara søker etter tryggleikskopiar.

- Gje opp passord for kryptering

Viss tryggleikskopien er beskytta av eit passord, blir det neste at du gjev det opp. Dette er det passordet som du valde då du oppretta tryggleikskopiplanen til denne tryggleikskopien. Viss tryggleikskopien ikkje er passordbeskytta, så vil dette steget bli automatisk hoppa over.

- Dei følgjande stega avheng av kva slags tryggleikskopi du har valt.

- Viss du har valt ein fil-basert tryggleikskopi, så følg desse stega:

1. Vel kva for filer og mapper som skal gjenopprettast.

Plasser ei avkryssing ved sida av filene og mappene du vil skal gjenopprettast. Å plassere eit kryss ved sida av ei mappe vil velje mappa og alt innhaldet.

Dobbelklikk på ei mappe for å opne henne og bla gjennom innhaldet i henne.

Viss du ser ei mindre avkryssing ved sida av ei mappe, så betyr det at berre litt av innhaldet er valt.

Du kan krysse av eller ta bort kryss for fleire oppføringar samstundes ved å velje fleire oppføringar i lista og så klikke på avkryssingsboksen til ei av dei.

Du kan òg gå tilbake i tid og få tilgang til eldre versjonar av tryggleikskopierte filer. Du kan gjere dette ved ganske enkelt å velje den tilsvarande dato, og programmet vil vise statusen til tryggleikskopien slik han var ved slutten av den dagen. Kor langt tilbake du kan gå avheng hovudsakleg av innstillinga til tryggleikskopiplanen, som seier kor lenge gamle filversjonar skal behaldast.

2. Vel katalogen der dei gjenopprettast filene og mappene skal lagrast.

For å hindre farleg automatisk overskriving av systemfiler kan du berre gjenopprette inn i ein tom katalog.

3. Den neste skjermen lar deg velje korleis tilgangsløyva til dei gjenopprettast filene og mappene skal setjast. Alternativa er å anten bruke standardløyva (tilrådd), eller å gjenopprette dei originale løyva som filene og mappene hadde då tryggleikskopien vart laga. Det siste alternativet er berekna berre for ekspertar, og vanlege brukarar bør vanlegvis la boksen «Bruk standard tilgangsløyve» vere avkryssa.

Viss du ikkje kryssar av i «Bruk standard tilgangsløyve»-boksen, så merk at viss dei tryggleikskopierte filene opprinneleg var lagra på ei anna datamaskin, eller

operativsystemet var installert på nytt, så kan gjenoppretting av dei originale tilgangsløyva bety at du ikkje vil kunne få tilgang til dei gjenoppretta filene utan nokre tekniske knep.

4. Når du klikkar Neste blir ein samandragsskjerm vist som viser innstillingane som du har gjort.
  5. Når du klikkar Neste igjen vil gjenopprettingsprosessen starte. Ein framdriftsskjerm blir vist til gjenopprettingsprosessen er ferdig.
- Viss du har valt ein bilet-basert tryggleikskopi (ein tryggleikskopi av ein heil harddisk eller partisjon), så må du velje kva slags data du vil gjenopprette:

### 1. Bla gjennom tryggleikskopiane, eller gjenoppsett individuelle filer eller mapper

Dette alternativet er IKKJE tilgjengeleg i redningssystemet. Det blir berre vist i tryggleikskopi-programvara til Windows.

Denne funksjonen lar deg opprette ein virtuell stasjon frå dataa i ein av tryggleikskopiane. Vel ganske enkelt stasjonen som skal gjenoppsettast og datoen til tryggleikskopien, og klikk på «Opne». Eit nytt Windows Utforskar-vindauge blir opna og viser innhaldet i den tryggleikskopien. Du kan bla gjennom den virtuelle stasjonen som om han var ein vanleg harddisk. Du kan jamvel opne eller kopiere filer direkte frå han.

### 2. Skriv over innhaldet av ein individuell stasjon, men ikkje av ein heil harddisk («utan boot-informasjon»)

Dette alternativet er berekna på tilfelle der du vil skrive over innhaldet av ein harddisk-partisjon (t.d. av ein stasjon som «D»). Viss det er andre partisjonar (stasjonar) på den same harddisken, blir dei verande urørte.

**VIKTIG:** Du kan berre bruke denne funksjonen til å skrive over eksisterande partisjonar. Du kan ikkje gjenopprette til ein tom harddisk som ikkje har partisjonar. Bruk alternativet å gjenopprette ein heil harddisk («med boot-informasjon») i dei tilfella.

Du vil sjå dei tryggleikskopierte stasjonane til venstre og stasjonane i systemet ditt til høgre. Bruk musa til å dra&slippe ein tryggleikskopi-stasjon frå venstre til den ønska destinasjons-stasjonen til høgre. Du kan skrive over meir enn ein stasjon viss du vil.

Når du har valt kva du vil gjenopprette, klikk ganske enkelt på Neste. Programvara vil så gjenopprette dataa. Når gjenopprettingsprosessen er ferdig, bør du starte datamaskina di på nytt.

### 3. Gjenoppsett ein heil harddisk («med boot-informasjon»)

Bruk dette til å gjenopprette ein heil harddisk. Alle data på harddisken blir overskrivne. Det har ingenting å seie om harddisken er tom eller ikkje.

Du vil sjå den tryggleikskopierte harddisken til venstre og harddiskane i systemet til høgre. Bruk musa til å dra&slippe ein tryggleikskopi frå venstre til den ønska destinasjonsdisken til høgre. Du kan tildele fleire tryggleikskopiar til fleire diskar viss du vil.

Når du er ferdig med å gjere valet, klikk på Neste for å begynne å gjenopprette. Når gjenopprettingsprosessen er ferdig, bør du starta datamaskina di på nytt.